

| | | | |
|---|--------------------|----------|--------|
| Innberetning v/Berit Gjerland | | 29.11.85 | |
| innberetningsdato | | | |
| Hæreid | gnr. 27 | bnr. 3 | fk.nr. |
| gardsnavn | | | |
| Årdal | Sogn og Fjordane | | |
| kommune | fylke | | |
| Jan N. Hæreid | 5875 Årdalstangen | | |
| eier/bruker | postnummer/adresse | | |
| Ang. utgraving av vikingtid brent mannsgrav | 24.-25.10.85 | | |
| under flat mark. | dato | | |

Jan N. Hæreid ringte 23.oktober d.å. til Historisk museum og meldte ifrå om funn av sverd, øks, spyd og sigd i potetåkeren. Underteikna kom til Årdal 24.oktober om ettermiddagen. Gjenstandane viste seg vere funne samla i eit brannflak, og ved undersøkinga kom det raskt fram fire pilespissar og ein skrinhank. Det var tydelegvis meir att og då mørkret fall på, vart arbeidet fortsett neste morgon.

Til saman inneheldt brannflaket forutan spreidde brente bein, sverd, øks, spyd, sigd, 8 pilespissar, skrinhank, vinkelbeslag, jarnblekk, -stykke, 4 korte nagler, ein klinkenagle og ein brent rund stein. Klinkenagla og to korte nagler skriv seg truleg frå skjoldet. På typologoisk grunnlag kan grava daterast til 1.halvdel av 900-talet. Det var ikkje kjent markering på markoverflata.

Funnstaden ligg i Utdalsdokka, ytterst på terrasseskrenten mot elva i sør. Mellom fjorden i sør og den stupbratte dalsida i nord ligg ei terrasseflate, og like austanfor startar den høge og markerte terrassen på Hæreid. Midten av flatmarksgrava ligg 42,2 m søraust for det søraustre hjørnet på bustadhuset og 11,6 m frå gjerdet ved tilkøyrslveggen i sørvest.

Funnet var gjort då Jan N. Hæreid var i ferd med å ta opp utsigen jord i sørenden av potetåkeren heilt ytterst på terrassekanten. Gjenstandane låg i botnen av den 90 cm breie og 20-30 cm djupe sjakta.

Undersøkinga. Det var berre den nordlege sjaktveggen som kunne gje ein samanhengande profil. Den var likevel mindre god, og ved vidare graving viste dette snittet seg å liggje heilt i ytre del av brannflaket.

Funna var konsentrert til brannflaket, og dei som låg in situ, fekk funnkart nr. 1-11. Materiale til 14C-prøve vart teke frå 4 x 15 cm stort område i underkant av brannflaket, 10 cm vest for pilespiss fk.nr. 5. I dei bortkøyrtte massane, 3 trillebårlass, vart det funne kniv, vinkelbeslag, nagle, jarnstykke og trepilespissar. Plasseringa av desse sakene i brannflaket er uviss, og dei er ikkje innteikna på planteikninga. Området kring brannflaket vart undersøkt, og for å få fram brannflaket si avgrensing i nord og vestleg retning, vart feltet her utvida med totalt 90 cm.

Funnforholda. Brannflaket var ei blanding av vesentleg trekol og brun jord, og det inneheldt dels store fragment av brente bein spreidd i heile brannflaket. Den opphavelege tjukna på brannflaket kan vanskeleg fastslåast sikkert p.g.a. dei fjerna massane. Laget var 4 - 5 cm tjukt under gjenstandane in situ i nordlege delen av brannflaket. Kan hende har brannflaket vore 10 - 15 cm tjukt. Store delar av det trekolhaldige laget med spreidde trekolbitar over funnførande nivå er truleg utpløgd frå brannflaket.

Den overliggjande åkerjorda var svært feit, og det kan mogleg forklare, saman med den låge nedbørsmengda i indre fjordstrøk, kvifor jarnsakene gjennomgåande var svært lite anørepne av rust.

I dag låg det funnførande nivået 25 - 30 cm under overflata. Sannsynlegvis har det lege djupare, men har komme så nær overflata p.g.a. jordsig på terrassekanten.

Brannflaket hadde ei utstrekning på 95 x 120 cm, den største utstrekninga i nordsørleg retning. Mot vest var det markert avslutning i den litt høgtliggjande gulgrøne grusen, mindre markert avslutning i den søraustlege delen av brannflaket. Terrenget hella svakt slik at denne delen av brannflaket med m.a. klinkenagla låg litt lågare enn resten. Den steinhaldige gulgrøne undergrunnsgrusen var ujamn, men det kunne ikkje påvisast ei eventuell fordjupning for brannflaket.

I brannflaket låg ein oppsprukken rund stein, fk. nr. 10. Dette var den einaste steinen som har vore i varmen. Det vart ikkje påvist teikn på sterk varmeutvikling under brannflaket.

Overflata på brannflaket synest å ha vore steinsett med "rundkamp". Iflg. finnaren er det uvanleg med stein i jorda her, og han la difor steinen oppå åkerkanten (sjå foto). Steinane i det utvida feltet mot vest ligg 5 - 7 cm ned i undergrunnsgrus. Det er

usikkert om dei har tilhørt ei event. steinlegging. Steinane nord for brannflaket ligg der nedi kulturlaget.

Nord og nordaust for og i same nivå som brannflaket låg det vel 10 cm tjukt lag av lys brunleg jord med spreidde trekolbitar. Laget var lysare enn overliggjande åkerjord, og blir tolka som kulturlag som rimelegvis har samanheng med grava.

Funn og datering. Sverdet, øksa, spydet og sigden var tekne opp av finnaren, men vart for foto og planteikninga plassert slik finnaren meinte dei låg.

Sverdet er lite angrepe av rust. Klinga er rett så sverdet kan vanskeleg ha blitt bøgd til nedlegginga. Det er meir rimeleg at odd-delen mangla då sverdet vart lagt i grava. Desse enkle sverda av M-type har hatt lang brukstid frå midt på 800-talet og sannsynlegvis litt innpå 900-talet.

Øksa er komplett og bestemt til G-type, den kan mogleg vere meir som overgangsform til H-typen. Typologisk tilhører G-typen siste del av 800-talet, kan hende litt innpå 900-talet. H-typen synest å byrje ved århundreskiftet og tilhører første halvdel av 900-talet.

Spydet er ein lang variant av K-typen. Det er mogleg at røtgenfotografering vil avdekke ornering på falen, eit vanleg trekk ved denne spyd-typen. J. Petersen plasserte K-typen i yngre del av vikingtida, og utfrå ny undersøking blir den lange varianten datert til 900 - 950 (Solberg 1984).

Kniven er ein reiskapskniv brukt i merovinge- og vikingtid. Metallet er fritt for rustangrep og gjer at detaljer ved utforminga kjem godt fram.

Pilespissane. Fem pilespissar vart funne in situ. Fire låg nær kvarandre i den nordlege delen av brannflaket, spiss fk. nr. 11 låg et par cm djupare enn dei tre andre som låg i same nivå. Pilespissane synest liggje for spreidd til at dei opphaveleg har lege i eit pilekogger.

Dei åtte pilespissane er fordelt på to typar, og dei er heile bortsett frå eit part avbrotne tanger og ein spiss med to korroderte innhakk på bladet. Dei er variasjonar over bladforma spissar vanleg også i merovingetid. Det er tre bladforma spisser (R 539), tre breiblada spisser med egghjørne (D.F. 1972:pl. 4 fig. 42). Ein spiss med kort bladforma blad (R 538) er ei yngre form som vesentleg må tilhøre 900-talet.

Sigden høyrer til ei mykje vanleg gruppe sigder med nagle og utbøgd tangespiss. Typen har vore brukt i heile yngre jernalder.

Skrinhank. Den kringleforma skrinhanken med intakt krampe låg i nordre del av brannflaket, i nivå med og ikkje langt frå dei tre høgastliggjande pilespissane. I dei bort-transporterte massane vart det funne nagle, vinkelbeslag og jarnstykke som kan ha tilhøyrt skrinet, og det er rimeleg at det same gjeld for nagle fk.nr. 1. Dei ringforma hankane førekjem oftast på 900-talet og i byrjinga av 1000-talet, og det er ein type som førekjem mest i mannsgraver.

Skjoldet. Det vart ikkje funne skjoldbule, det sikraste teiknet for nedlegging av skjold. Skjold er ikkje så ofte påvist i graver, kan henda fordi det i avgrensa grad blei brukt skjoldbule av jarn. Klinkenagla fk.nr. 3 og dei to korte naglane fk.nr. 4 og 2 blir tolka å ha tilhøyrt eit skjold. Klinkenagla kan ha festa handtaket til skjoldplata, og over skjoldplata kan det ha lege jarnband festa med korte nagler (jamfr. E.H. Hofseth 1981:109). Tolkinga høver med observasjonar ved den nyleg undersøkte ubrente mannsgrav frå Ljøsne, Lærdal kommune (B 13855). Avstanden mellom skjoldbula og den ytterste av dei to observerte jarnnaglone på rekkje var 35 cm, rimelegvis minimums-radius på skjoldet. Det er same avstand mellom klinkenagla og nagle fk. nr. 2.

Samla sett, er det sverdet, øksa og spydet som kan gje ei nærare datering av gravfunnet. Medan øksa og særleg sverdet har ei brukstid til siste halvdel av 800-talet og truleg litt innpå 900-talet, har spyd-typen blitt brukt i første halvdel av 900-talet. Det gjer at ei datering til 900 - 950 synest rimeleg for funnet.

Kulturhistoriske forhold. Ei samanlikning med vikingtids gravmateriale i Sunnhordland og Hardanger viser at kombinasjonen M-sverd, G-øks og K-spyd førekjem sjeldan i det materialet. Det kan vere kronologiske årsaker sidan K-spyd der heller førekjem med X-sverd og H-øks.

H-sverd er ei velkjent type på Vestlandet, med brukstid på 800 og innpå 900-talet. Førekomst av M-sverd i Indre Sogn (Hæreid og Ljøsne) kan reflektere kontakter austover. J. Petersen nemner M-sverdet som utprega austlandsk type.

Den velutstyrte mannsgrava inneheld tre offensive våpen (sverd, øks, spyd) samt jordbruksreiskap (sigd) og jaktreiskap (piles-spissar). Gravinventaret fell klårt innanfor gruppe 3, dvs. det som blir tolka å vere det høgaste av dei tre sosiale skikta av sjølv-eigande bønder som kan skiljast ut i vikingtidsmateriale frå Sør-Noreg

(Solberg in press). Menn i denne gruppa har truleg hatt ein høg og framtreddande sosial posisjon i samfunnet.

Gruppa er størst på 900-tallet, noko som indikerer ei sterkare sosial lagdeling i yngre vikingtid enn tidligare. Det er rimeleg å tru at dei store terrassane med godt jordbruksland og i høgjellet tett ved med framifrå jaktterreng for reinsdyr, ville kunne danne grunnlag for framvekst av eit øvre sosialt skikt her inne ved botnen av fjorden.

Det kan vere fleire flatmarksgraver i dette same området. Ein 10 m mot aust skal det liggje ei helle rett under markoverflata. Staden er markert med jarnstang (sjå foto). Vidare vart det 80 cm vest for brannflaket funne ein liten flik av eit mogleg liknande trekolhaldig lag. P.g.a. tidspress kunne det ikkje nærare undersøkast.

På den høge terrassen aust for flatmarksgrava låg gamletunet på Hæreid og saman med Kringlehaugen (Fett fk.nr. 5) indikerer det plassering av gardstun der i jarnalder. Topografisk sett er det likevel ikkje urimeleg at den låge terrasseflata like ved fjorden kan ha innehalde ei eiga gardseining i yngre jarnalder. Flatmarksgrava er det første gravminnet som er kjent frå denne delen av Hæreid-sida.

Litteratur

- Farbregd O. 1972: Pilefunn frå Oppdalsfjella. Trondheim.
Hofseth E.H. 1981: Loven om våpenting sett i lys av arkeologisk materiale. Univ. Oldsaksamling Arbok 1980/81.
Petersen J. 1919: De norske Vikingsverd. Kristiania.
Petersen J. 1951: Vikingetidens Redskaper. Oslo.
Solberg B. 1984: Norwegian spear-heads from the Merovingian and Viking periods. Bergen.
Solberg B. In press: Definition of social status in the Merovingian and Viking periods in Norway from Archaeological and Historical sources.


Berit Gjerland

Vedlegg: funnliste
funnkart
plan- og profildeikning
foto


F U N N L I S T E

B 13859

Gravfunn fra vikingtid, fra Hæreid, gnr. 27, brn. 3, Ardal, Sogn og Fjordane.

- /1 Tveegget sverd av jern, som type M fig.98 hos J.Petersen 1919. Halve klingen mangler. L. 35,3 cm hvorav kavl og hjalt utgjør 13 cm. Klingens br. ved hjaltet er 5,2 cm.
- /2 Øks av jern som type G fig.39 hos J.Petersen 1919. Øksa er komplett. L. 19,4 cm, br. over eggen 10 cm.
- /3 Spyd av jern som type K fig. 21 hos J.Petersen 1919. Oddpartiet er bøyd. Spydet er komplett bortsett fra korrosjon av ene egghjørnet. L. 60,2 cm hvorav bladet utgjør 42 cm, st.br. over bladet er 3 cm.
- /4 Kniv av jern som fig. 105 hos J.Petersen 1951. Kniven er komplett og usededvanlig godt bevart. L. 17,8 cm hvorav bladet utgjør 8 cm. St.br. over bladet 1,7 cm.
- /5 Åtte pilespisser av jern. Fire spisser som R 539. To har brukket tange. St. 1.14 cm, br. 2,2 cm. Tre spisser med egghjørner som plansje 4 fig. 42 hos O. Farbregd 1972. En spiss har korrørert innhakk på bladet. St. 1. 13,6 cm, br, 2,0 cm. En spiss som R 538, 1. 13,9 cm, br. 2,1 cm.
- /6 Sigd av jern som fig. 84 hos J.Petersen 1951. Bladet er krummet. Sigden er komplett med nagle og utbøyd tangespiss. Kordelengde 27 cm, br. 2,1 cm.
- /7 Skrinhank av jern som fig. 239 hos J.Petersen 1951, men med kringelformet ten. Den er komplett. St. tv. m. 6,3 cm.
- /8 Vinkelbeslag av jern som fig. 244 hos J.Petersen 1951, men bøyd to steder i tilnærmet rett vinkel. L. 9 cm, br. 0,5 cm.
- /9 Fire nagler av jern. En er komplett. St. 1. 4,5 cm, st. diam. hode 1,2 cm.
- /10 Klinkenagle av jern som R 421a. L. 9,2 cm, diam. hode 1,6 cm.
- /11 Jernstykke. L. 2,8 cm, br. 0,7 cm.
7-11 er rester av et skrin og trolig et skjold.
- /12 Jernblikk
- /13 Rund sten, noe avflatet på to motstående sider. St. diam. 7,5 cm.
- /14 Kull og brente bein.

Sverd, øks, spyd og sigd funnet ved arbeide i åker, resten funnet ved utgraving. Funnstedet ligger 42,2 m sørøst fra bolighuset, ytterst på terrassekanten mot elva. Jernsakene lå sammen med brente bein i et brannflak, og der var ikke kjent markering på overflaten. Innberetning i top.ark. v/Berit Gjerland.



Hæreid 26/3

Årdal kommune, Sogn og Fjordane

Lokalisering av vikingtid

flatmarksgrav

A-gravfunnet i sjakta.
Mot SA.

B-det same. Mot SV.

C-feltet utvida mot
nord. Mot NA.



Hæreid 26/3
Årdal kommune.


Leica 2312

18-Plassering av flatmarksgrava på terrassekanten.
N.B. stein på åkerkanten og jarnstanga i bakgrunnen.
Mot NA.



19-Det same. Mot S.


16-Gravfunnet i sjakta.
Mot SV.



17-Det same. Mot SA.

14 & 15-Gravfunnet.
Mot A og SA.

24-Nærfoto av skrin-
hank, pilespissanf.k.nr.
6 og 8 og oppsprukken
rund stein. Mot SA.




23-Feltet utvida mot N
og V. Mot NA.

26-Flatmarksgrava i venstre
kant av åkeren. Mot S.

27-Mot fjorden. Mot SV.





PLAN

- Funn in sili:
- 1) magle
 - 2) "
 - 3) Rinkenagle
 - 4) magle
 - 5) pilspeis lík D.F. 1972: pl. 4 fig. 42
 - 6) " " R 538
 - 7) " " R 539
 - 8) " " R 539
 - 9) steinhank
 - 10) rúnd stein
 - 11) pilspeis lík R 539

Rekonstruert posisjon:
 --- vegg, oks, spud, sigd

--- veggrensing av haunflak
 ○ stein
 ... my medgraving

- ⊠ lys brúnnag kokolspetta jod (kullerlag)
- ⊠ kokolag / kokolanda jod
- ⊠ gúlgrøn grús

PROFIL

- ⊠ mørk brún ákerjod
- ⊠ svart kokolag ákerjod (kullerlag)
- ⊠ kokolag lag (haunflak)
- ⊠ gúlgrøn grús
- stein
- ← fjúrn fróndu milti mórul del av haunflakel

Horeid gr. 27, br. 3
 Árdal kommune, Sogn og Fjordane

Plan- og profilteikning av
 vikingalid haungräv
 M 1:10 B.G. 25.10.85